



BORE KYRKJE
SETT - FAMNA - UTFORDRA

Protokoll frå møte i Bore sokneråd Tysdag 9. april 2019

Møtestad: Bore kyrkjestove

Frå saksnummer: 25/19

Til saksnummer: 31/19

Av soknerådet sine medlemmar/ varamedlemmar møtte:

Nicolai Homme (leiar)

Arvid Kaspersen (nestleiar)

Kjersti M. Berge

Jens Kåre Stokka

Hans Voll

Dagfinn Steinnes

Ivan Fjeld, sokneprest

Andre:

Inger Kari Søyland, kyrkjeverje, Elin Anita Garpestad, dagleg leiar

Meldt forfall:

Marit Høie (permisjon), Borghild Friestad

Me stadfestar med underskriftene våre at det som er ført i protokollen er i samsvar med det som vart vedteke på møte.

Me starta soknerådsmøtet med å nytte god tid til mat, opning og bøn.

Innkalling til møte i Bore sokneråd 9. april vart godkjend.

Protokoll frå møte i Bore Sokneråd 20. mars vart godkjend.

SAK 25/19**Besøk av kyrkjeverje****Drøfting**

Soknerådet var glad for å ha kyrkjeverje med seg i møtet og fekk drøfta ein del saker som omhandlar fellesrådet sitt område.

- **Status for endring av interiøret i kyrkja: rekksverket og opphøgd plattform/golv:** Muntleg positivt svar frå riksantikvar, men det må ein tydeleg dokumentasjon for korleis arbeidet skal gjennomførast. Før søknaden kan sendast, må det føreliggja ein tydeleg spesifikasjon. Soknet prøver å løysa dette med eigne krefter
- **Vindskjerming av inngangspartiet i kyrkja: kan noko gjerast nå som skogen på naboeigedomen er borte?** Klepp kommune ser det vanskeleg å kosta ny vindskjerming. Gunneigar/bonde er ikkje uvillig til å forhandla om ei løysing. Det bør utgreiaast i lag med Klepp kommune kva som kan gjerast. Soknerådet ber fellesrådet ta saka vidare. Det er uomtvisteg mykje verre vindtilhøve etter at skogen er fjerna.
- **Behovet for utvida parkeringsplass, korleis halda trykket oppe mot kommunen?** Fellesrådet ba om 1.9 millionar i kommunen sitt budsjett, men fekk ikkje noko for 2019. Fellesrådet er ikkje nøgd med dette. Prosjektet på Bore vil gå vidare. Kommunen sin representant vil halda tak i dette i forbindelse med disponering av kommunen sitt overskotet for 2018. Eit mellombels tiltak kan vera å grusa opp delar av vårt nye areal mot aust. Dette kan vera eit første trinn i utvidinga og utnyttinga av arealet.
- **Plassbehovet er stort for soknet, både ved tiltak og gudstenester. Kan det vera aktuelt for fellesrådet å leiga andre bygg/delar av bygg, slik som til dømes det nye «amfiet» på Bore skule som snart står ferdig. I så fall, korleis skal me gå fram?** Utgreia om det er mogleg å leiga dette. Dagleg leiar og kyrkjeverje tek kontakt med Klepp kommune for å sjå korleis bygget ser ut greia ut om det er mogleg å kunne bruka dette til

menighetsarbeid.

- **Det musikalske i Bore – status og samtale**

Administrasjonsutvalet vil godkjenna utlysingsteksten for kantor/organist og er dei som tilsett. Det er ønskjeleg med ein person som meistrar både orgel og piano, stillinga vil bli utlyst som 50-80%. Soknerådet ønskjer musikkfagleg kompetanse i intervjuсamanheng.

Eventuelt: maling av kyrkja skjer i sommar. Inger Kari sjekkar ut angåande fukt på vindaugegene. Kanskje vart noko for tett når me fekk to lag ved utvidinga. Flott at porten er blitt ordna av Klepp kommune.

Kyrkjevergen gir staben i Bore honnør for godt arbeid.

Soknerådet blir oppmoda om å vera bevisste på dei tilsette sine behov for å setja grenser for frivillig teneste.

Forslag til vedtak Soknerådet drøftar og gjer vedtak i møtet

Vedtak Soknerådet er nøgd med fellesrådet si oppfølgjing av sakene som pågår i soknet for tida.

SAK 26/19

Samtale om arbeidet

Drøfting

25. august vil me ha Oppstartsgudsteneste i Bore med utvida kyrkjekaffi, større fokus på musikk og kanskje også ei enkel bønevandring. Ove vil få utfordringa og kanskje få med fleire. Vil prøva å få til ei gudsteneste med G2-preg. Oppstart for søndagsskulen.

Ein idé framover kan vera å invitera ei «utvida» bygd til gudstenester for å velsigna dei og be spesielt for dei, slik som idrettslag, næringsliv og politikarar.

Soknerådet drøfta om kan som kan gjera for å invitera til samtale om nokon kjenner behov for å snakka med nokon. Det kom forslag om slik lapp til å leggja i benkene og informasjon på powerpoint med tlf. nr. til diakon eller prest.

Forslag til vedtak Soknerådet drøftar og gjer vedtak i møtet

Vedtak 25. august blir ei gudsteneste med G2-preg. Det vil bli prosesjon, barn med blomar, organist får utfordring med å løfta det musikalske. Utvida kyrkjekaffi, soknerådet tek ansvar. Familieovsongsbandet opptrer med eit innslag. Dekorgruppa tek ansvar for pynting og prosesjon. Det må

annonserast godt.

Program og plan for konf.fest ser greitt ut.

Arvid Kaspersen lagar ein lapp for utdeling i benkene påført namn og nummer der personar kan ta kontakt for samtale.

SAK 27/19**Kyrkjelydsutvikling 2019-2023****Drøfting****Forslag til vedtak**

Soknerådet ønskjer å delta på prostiet sitt initiativ til kyrkjelydsutvikling for perioden 2019-2023.

Vedtak

Soknerådet ønskjer å delta på prostiet sitt initiativ til kyrkjelydsutvikling for perioden 2019-2023.

SAK 28/19**Gudstenestelista hausten 2019****Drøfting****Forslag til vedtak**

Gudstenestelista for hausten 2019 vert vedteken.

Vedtak

Gudstenestelista for hausten 2019 vert vedteken.

SAK 29/19**Fokus på frivillige****Drøfting****Forslag til vedtak**

Soknerådet ber staben om å gå vidare med planar for å gjennomføra mindre samlingar for grupper av dei frivillige, både med tanke på å takka dei, men også for å samtala om tenesta.

Vedtak

Soknerådet ber staben om å gå vidare med planar for å gjennomføra mindre samlingar for grupper av dei frivillige, både med tanke på å takka dei, men også for å samtala om tenesta.

SAK 30/19**Nominasjonskomitéen si liste****Drøfting**

Nominasjonskomitéen har gjort eit godt arbeid og la fram lista til soknerådet for godkjenning. 41 personar er spurde, 11 har sagt seg villige. Lista vart lagt fram for soknerådet i prioritert rekjkjefølgje. Staben undersøkjer om personane er medlemmar i Den norske kyrkja og offentleggjer lista etter dette.

Forslag til vedtak

Soknerådet godkjenner nominasjonskomitéen si liste på epost etter at staben har klarert kandidatane opp mot Medlemsregisteret.

Vedtak

Soknerådet godkjende nominasjonskomitéen si liste under forutsetnad av at kandidatane er medlemmar av Den norske kyrkja.

SAK 31/19**ORIENTERINGSSAKER****Drøfting**

Orienteringssakene blei lagt fram.

Forslag til vedtak

Soknerådet tar saka til orientering

EVENTUELTT

Rein Bore har nokre gamle kyrkjebøker som han meiner tilhører Bore kyrkjelyd. Han vil bli invitert til hausten for å overrekkje oss desse. Soknerådet ønskjer at desse vert sett i eit glasmonter eller liknande og vist fram for kyrkjelyden.

Status på skogen ved Stangelandsvegen er uendra.